

# Historiesyn og revolusjonspraksis

Det fylgjande er eit bidrag til kritikk av kommunismen (marxismen-leninismen) med omsyn til organisasjon og strategi. Likevel vil eg ikkje kome inn på konkrete organisatoriske og strategiske problem, men halde meg til dei teoretiske rammene som dei konkrete problema framstår innanfor.

## I

Om ein har fylgt litt med i striden mellom kommunistar og "venstre-avvikarar", vil ein vite at usemja ikkje gjeld detaljspørsmål, men at skiljelinene er prinsipielle, at det altså går om dei teoretiske *premissane*.- Når desse premisane vert omtala, framstiller ein det gjerne slik at ulikskapen gjeld den revolusjonære *målsettinga*. Det er utan tvil mykje i den oppfatninga. Sjølv om kommunistane har framtidsvisjonar som stort sett fell saman med dei ein finn hos syndikalistar, rådskommunistar, osv., så skil dei lag når det gjeld synet på samfunnsforma den fyrste tida etter revolusjonen. Stalin seier: "Vi er for at staten skal visne vekk... Å halde fram med å bygge ut statsmakta med det formålet å førebu vilkåra for at statsmakta skal visne vekk - det er den marxistiske formelen."<sup>1</sup> Lik frosken i eventyret, skal staten blåse seg opp til han sprekk. - Venstreopposisjonen avviser denne tofase-teorien om det nye samfunnet. Han krev at fridomen skal verte røyndom med den fyrste handlinga til revolusjonen og ikkje skuvast ut i ei uviss framtid. Det er klårt at dette fører med seg prinsipielt ulike syn på den revolusjonære praksisen.

Det er likevel to viktige moment som talar mot å analysere saka på dette viset. Det fyrste skriv seg frå at eg ikkje er "uinteressert" tilskodar, men "interessert" deltakar i spørsmåla: Det vert nemlig lett slik at dei venstreopposisjonelle står fram som reinhekla utopistar, medan kommunistane på si side er "realistar". Sant nok vil dei ikkje verkeleggjere "paradiset" med eit slag, men det er heller ikkje mogleg. Sjølv sagt kan vi på denne måten påvise svikferda til

kommunistane når dei talar om "proletariatet sitt diktatur" o.l., men korleis syner vi at dette er noko anna enn eit realistisk svar på dei faktiske tilhøva? - Det andre momentet er av meir "sakleg" natur: Dei prinsipielle skilnadene i strategiske/organisatoriske spørsmål kan ein ikkje berre føre attende til ulike syn på og vurderingar av framtida, men enno meir til ulike vurderingar av *notida* og dei reelle historiske tendensane. Alt etter om ein forstår historia som noko som lagar seg for ein eller ikkje, vil ein kome fram til ulike syn på den rollen eigen praksis kan og må spele.

Ein teori om den revolusjonære praksisen kan m.a.o. vere brukbar berre om han tek utgangspunkt i ein analyse av dei kreftene som er i sving i historia, spesielt i det kapitalistiske samfunnet. Gjennom ein slik analyse kan ein og løyse dei problema som oppstår når ein vil bryte kommunismen sitt monopol på "realisme". Som vi skal sjå, må analysen då finne fram til vesenet til dei kreftene som bryt kontinuiteten i historia. Kjem vi på sporet etter dei, då kan vi betre døme om den rolla partidiktaturet kan spele.

## II

No til dags finn vi ofte eit syn på historia som jamstiller ho med naturprosessar eller kybernetiske system. Det vi har føre oss, er ifylgje dette synet ein sjølvregulerande heilskap, for all tid lenka til den same ubøyelege "Utviklinga". Korkje den menneskelege subjektiviteten eller dei eventuelle systemimmanente motsetnadene får nokon plass. Historia vert "tett". Men denne oppfatninga - jamvel om ho kan synast å avspegle røynda i dei industrialiserte landa godt - er heilt ute av stand til å erkjenne dei kreftene som er ute og går i historia.

Mot dette statiske og lagnadstunge synet står marxismen med sin dynamiske teori om historia som ein prosess som stendig går ut over seg sjølv og skaper kvalitativt nye strukturar. Den historiske materialismen\* lærer at heile historia, etter at urfellesskapen vart oppløyst, har vore historia om klassar og klassekampar. Gamle klassar har bukka under og nye har stått fram, men berre for å fostre nye motsetnader som i sin tur har sprengt dei gamle samfunnsformene og skapt nye, osv. - Eg vil ikkje her kome nærmare inn på om denne teorien er heilt og haldent edrueleg. Tvillaust seier han i alle høve noko svært viktig om historia. Men skjematisk oppfatta - slik han gjerne vert - kan han gje opphavet til alvorlege mistydingar. Det kjem klårt fram i den måten overgangane føydalisme-kapitalisme-sosialisme vert forstått på. - I ei \*Jamvel om eg er klår over at omgrepet også vert nytta av andre retningar innan den marxistiske tradisjonen, vil eg her bruke den "historiske materialismen" for den spesielle historieteorien til kommunistane. Når eg meir sjeldan bruker "marxismen", så tyder ikkje det at eg vil spele Marx ut mot kommunistane. Men på same tid er det trekk og jamvel grunn-tankar hos Marx som forbyr ein identifikasjon med den seinare systematiserte "dialektiske og historiske materialismen".

til sine tider reint heroiserande framstilling, vert kampen til borgarskapet mot dei gamle mørkemaktene skildra som ei undertrykt klasse sin rettvise kamp for fridom og sosialt framskritt! Innan rammene til føydalsamfunnet vaks borgarskapet i storleik og styrke og kom difor i eit aksellererande motsetnadsforhold til den gamle herskarklassen, som på si side vart meir og meir parasitær og mogen for "historia sin skraphaug". Til sist måtte borgarskapet - støtta av dei andre underklassane - reise seg og kaste av seg åket for deretter å opprette si eiga samfunnsordning. - På same viset vil - innan den utvikla kapitalismen med veksande motsetnader - arbeiderklassen vekse i storleik og vekt og vil ende med å knuse det systemet som står i vegen for vidare framskritt. Begge klassane utviklar eigne sosiale interesser, revolusjonære sosiale interesser som kastar dei mot det gamle samfunnet der dei vart avla.

Men denne analogien held ikkje. Det er naudsynt å streke under at røtene til kapitalismen finn vi ikkje i kampen mellom liveigen og jorddrott eller mellom handverkarvein og meister. Borgarskapet var ikkje nokon underklasse i eigentleg forstand, men *ein konkurrerande overklasse*. Dei borgarlege forholda - økonomiske, sosiale, kulturelle - grodde fram som ein *sjølvstendig struktur* i det gamle samfunnet, og var eit *direkte trugsmål* mot føydalveldet. I kontrast til det er kapitalistane og proletarane delar av same økonomiske, sosiale og kulturelle struktur. I det kapitalistiske samfunnet er arbeidarklassen *ikkje* representant for eit sjølvstendig system. - Mellom føydaladelen og borgarskapet var striden beinveges ein kamp mellom to heilt ulike system. Det som kapitalist og proletar strir om, er derimot *distribueringa* av arbeidsprodukta, ikkje det kapitalistiske prokusions~~system~~*et*.

Eg seier ikkje at kommunistane i alle samanhengar er heilt blinde for dette faktum. (Lenin sin teori om proletariatet som på eiga hand ikkje kan kome lenger enn til "trade union-medvit" er faktisk eit deformert uttrykk for denne erkjenninga.) Men dei har i alle høve ikkje sett dei implikasjonane av det som vi skal kome nærmare inn på i det fylgjande. Det trur eg i stor grad skriv seg frå ein idealistisk trong til å få historia til å "gå opp". I staden for kritisk forskning av den levande historia, finn vi i kommunistrørsla mest skolastiske øvingar i "dialektisk og historisk materialisme", ofte gjennomført med mellomaldersk flid, men med eit mystifiserande forhold til røyndomen. - Når vi forkastar dette og går over til eit meir empirisk orientert granskingsvis, så tyder ikkje det at vi rundstel historia for alle motsetnader. Det *er* motsetnader til stades, men vi ser at dei i ulike bolkar av historia kan ha heilt ulik karakter, at difor dei overskridande kreftene kan vere ulike både kva gjeld natur og styrke. Det same skulle då gjelde dei kreftene som held historia i tøyne og syter før størst mogleg kontinuitet.

At Marx faktisk mistyder proletariatet si stilling i historia i nettopp den retningen som vert nemnd her, går fram når han seier: "Det dreier seg ikkje om kva den eine eller den

andre proletaren eller jamvel heile proletariatet på eitt eller anna tidspunkt ser som målet sitt. Det dreier seg om *kva det* (proletariatet) *er*, og *kva det* ifylgje denne vere-måten er historisk nøydd å gjere. Målet og den historiske handlinga til det, er uattkalleleg slege fast i proletariatet sin eigen livssituasjon."2 - Med omsyn til borgarskapet i føydalsamfunnet ville det utan tvil vere rett å seie at målet til klassen var klårt definert, noko som skreiv seg frå at borgaren alt på denne tida var personifiseringa av ein ny samfunnsstruktur. For *han* var ikkje sigeren over dei gamle maktene eit høve til å byrje eit nytt og betre liv, men til å utvide den gamle businessen via ein fri marknad for varer og arbeidskraft. Det er rett og slett ikkje tenkeleg at borgarskapet skulle kunne skape noko anna enn eit kapitalistisk samfunn. - Eit proletariat utan borgarskap, derimot, er noko ganske anna enn eit borgarskap utan adelstand. Proletariatet kan nok sigre over borgarskapet, men frå den stillinga det har i det kapitalistiske samfunnet kan ein ikkje utleie noko om *kva det* positivt vil eller er nøydd til å sette i staden for det gamle. I så tilfelle måtte proletariatet vere representant for eit alternativt system *her og no*. Kampen mellom det og borgarskapet ville då utan vidare ha vore ein kamp mellom to ulike system.

Vi har synt: (1) Det er ikkje nødvendigvis nokon systemspregande motsetnad mellom borgarskap og proletariatet. (2) Og dette er berre ei fylgje av det fyrste: Proletariatet som klasse har ikkje noko definitivt mål. Vi kunne seie at framtida etter ein eventuell revolusjon er eit "ope spørsmål", men som vi skal sjå, står det faktisk endå verre til.

Ifylgje den historiske materialismen - som eg meiner har rett på dette punktet - har borgarskapet denne rolla i historia: Det skal skape ein tendensielt verdsomspanande marknadsøkonomi i staden for det gamle naturalhushaldet, eit aksellererande teknisk framsteg i staden for stagnasjonen i det gamle samfunnet; det skal "frigjere" den liveigne stakaren og gjere han til ein "fri" proletar; det skal sprengje alle sosiale band og nivellere (tendensielt) alle menneskelege forhold til pengeforhold; det skal verkeleggjere alle dei borgarlege "fridomane" i kunst, religion, politikk, osb. Ein kan trygt seie at borgarskapet var vaksen for oppgåva si. Det kontrollerte dei viktigaste sidene av det økonomiske livet før det greip statsmakta. Men ikkje berre økonomisk og sosialt, kulturelt og ideologisk var det den dominerande klassen lenge før det stadfesta denne dominansen politisk.

Proletariatet kontrollerer ikkje det økonomiske livet. Fylgjeleg krevst det eit høgt medvit om det skal verte i stand til å gjennomføre ein sosial revolusjon. Men framveksten av eit slikt vert permanent hindra av fabrikkhierarkiet og den industrielle rutinen som tyner og umyndiggjer arbeidaren, og av den stigande kommersialiseringa og framandgjeringa av "fritida"<sup>3</sup>. Trass i dette gir den historiske materialismen proletariatet denne historiske rollen: Alt det som epoken til borgarskapet har gjort mogleg, skal proletariatet verke-

leggjere. Det skal bryte ut av "for-historia" til mennesket og skape eit samfunn bygd på disiplin utan undertrykking og orden utan herredøme; eit solidarisk samfunn utan hierarkisering, eit samfunn der all irrasjonell autoritet høyrer fortida til og der menneska i staden gjer det dei forstår og forstår det dei gjer, kort sagt: eit samfunn av *myndige individ*. Men denne oppgåva er proletariatet som klasse ikkje vaksen for. Langt frå å vere representant for ei heilt ny verd, er proletaren djupt integrert i det kapitalistiske samfunnet. Denne integrasjonen har t.d. Herbert Marcuse skrive mykje bra om. Han kjem til dystre konklusjonar: "Den kvalitative skilnaden mellom dei eksisterande samfunna og eit fritt samfunn rører ved alle behov og tilfredsstillingar som går ut over det animalske nivået, dvs. alle dei som er essensielt knytte til menneskeslekta, mennesket som rasjonelt dyr. Alle desse behova og tilfredsstillingarane er gjennomsyra av krava til profitten og utbyttinga. Heile riket av konkurranseprestasjonar og standardisert moro, alle symbol på status, prestisje, makt, av avertert virilitet og sjarm, av kommersialisert venleik - heile dette riket drep i dei som er borgarar av det, sjølve disposisjonen, organa for alternativet: fridom utan utbytting."<sup>5</sup>

No er det slik at medvit og personlegdom kan gå igjennom store endringar i ein tilspissa situasjon. Eit gripande døme på det gir denne veggskrifta frå Paris i mai 1968: "Sidan 1936 har eg kjempa for lønsauke. Far min, før meg, kjempa og for lønsauke. No har eg TV, kjøleskåp, Volkswagen, Livet mitt har vore meningslaust. Diskuter ikkje med sjefane. Eliminer dei!"<sup>6</sup> - Men dette endrar ikkje det faktum at dei forholda arbeidaren lever under ikkje er eigna til å frambringe eit menneske som kan skape ei heilt ny verd utan utbytting og framandgjering, langt mindre ein som *må* skape ei slik. Ikkje at proletaren alltid er veltilpassa, men når han ikkje er det, så dreier det seg normalt ikkje om anna enn eit (ofte skjult) ønske om ei meir privilegert stilling innan det beståande systemet. (og nettopp *det* er noko som monopolkapitalismen - i større grad enn tidligare samfunnsformer - gir høve til.) Skulle proletaren likevel ha ei antikapitalistisk innstilling, så tyder oftast ikkje det noko krav om verkeleg fridom. Men det verste er, at jamvel om han i ein gitt situasjon oppdagar kva han eigentleg lengtar etter - å kunne styre livet sitt gjennom samarbeid i fridom frå all undertrykking og formyndarskap - så vil han i dei aller fleste høve ikkje vere i stand til å verkeleggjere draumen sin. Massane manglar kunnskapar, sjølvtilitt, adekvat organisasjon, og dei vil vere dømde til å lide nederlag for dei kreftene som vil halde historia fast i det gamle gjenget. - Slike krefter kan rett og slett vere borgarskapet sin kontrarevolusjon. Men det kan og vere "sosialistiske" rørsler med ei teknisk-autoritær holdning til samfunnsproblema - ei holdning som er djupt forankra i det borgarlege klassesamfunnet og som desse rørsleane har arva. Det siste var t.d. tilfelle i Russland 1917-21, der det Karl Korsch har kalla den etatistiske kontrarevolusjonen sigra. Skorten på politisk røynsle og skolering hos massane gjorde

det her mogleg for ei autoritær politisk gruppe å pervert-  
ere revolusjonen alt i fødselen. Under påskot av å verkeleg-  
gjere ein desentralisert rådsrepublikk kunne bolsjevikane  
svindle til seg makta. Først etter kvart tok større delar  
av folket til å forstå kva som hadde skjedd, men då var det  
alt for seint. Kronstadt-reisinga - som kravde all makt til  
sovjeta og ikkje til partiet! - vart drukna i blod.<sup>7</sup> - Eit  
anna lærerikt historisk døme er den spanske revolusjonen.  
I Spania var dei arbeidarane og bøndene som hørde til den  
syndikalistiske rørsla (CNT) komme etter måten langt når  
det galdt politisk innsikt og hadde stor røynsle i sjølv-  
styre og direkte aksjonsformer. Når fascist-revolten i 1936  
i fyrste omgang lei slike alvorlege nederlag, så ligg æra  
for det fyrst og fremst hos CNT. Syndikalistane var og den  
avgjerande drivkrafta i den djuptgripande revolusjonen som  
fylgde dei fyrste sigrane over Franco. Det var ein sann re-  
volusjon, ein revolusjon av og for folket som i mangt på  
overtydande vis har synt praktiabiliteten av nye solidariske  
livsformer. Veikskapen låg i fyrste rekke i at utviklinga  
mot verkeleg einskap i rørsla gjekk for tregt (dette hang i  
vesentleg grad saman med striden mellom dei ymse grupper-  
ingane på venstresida), i til dels manglande forståing av  
dei disiplinære krava i militsen og kanskje aller mest i  
syndikalistane si vaklande holdning til statsmakta som dei  
i byrjinga tenderte mot å neglisjere. Denne veikskapen vart  
utnytta av kommunistane. Med basis i våpenhjelpa frå Sovjet  
på den eine sida og det spanske småborgarskapet på den and-  
re, lukkast dei ved ei effektiv blanding av intrigar, ter-  
ror og demagogi å rive til seg makta frå dei revolusjonære  
komitéane og rette opp att den borgarlege statsskuta - lenge  
før Franco sigra.<sup>8</sup>

### III

Det er naudsynt å seie litt til det som for mange kommunist-  
ar er sjølvne trumfkortet i historia: *produktivkreftene*. Kom-  
munisten er nemlig "vitskapleg socialist" og overtydd om at  
han i det minste har vitskapen og det tekniske framsteget  
på si side. Eg vil ikkje prøve å klårlegge samanhengen (el-  
ler kanskje motsetnadene ?) mellom dette og trua på den his-  
toriske misjonen til proletariatet, men berre slå fast at  
vi her har føre oss ein idealistisk historiefilosofi som set  
det tekniske framsteget likt med menneskeleg framsteg.

Drivkrafta i historia er ifylgje denne teorien "dialektikken"  
mellom produktivkrefter og produksjonsforhold: "På et visst  
trinn i sin utvikling kommer samfunnets materiale produk-  
tivkrefter i motsetning til de bestående produksjonsforhold,  
eller, noe som bare er et juridisk uttrykk for dette, til de  
eiendomsforhold som de hittil har beveget seg innenfor. Fra  
å vare utviklingsformer for produktivkreftene forandrer dis-  
se forhold seg til å bli lenker for dem. Det inntreer da en  
epoke med sosial revolusjon."<sup>9</sup> På dette viset vert den øko-  
nomiske prosessen til eit historisk meta-subjekt med eigne  
målsettingar: Den historiske akkumulasjonen av teknisk kunn-

skap - ein prosess som skyt fart under kapitalismen - vil til sist sprengje rammene for klassesamfunnet. Verkeleggjer- inga av sosialismen vil den, og berre den, rørsla kunne syte for som aldri let seg leie av "fromme ønsker, men av de reelle utviklingsbehovene til samfunnets materielle liv."<sup>10</sup>

Men dette - at den endelege emansipasjonen har ein slags garanti "i tinga" - held ikkje for empirisk og filosofisk granskning. I røynda er dei eventuelle realpolitiske konsekvensane av teorien heilt i strid med det som ligg til grunn for alt sosialistisk virke: Intensjonen om å skape fornuftige intersubjektive tilhøve. Habermas argumenterer for at ei slik endring av forholda i samfunnet ikkje fører "til en økning i det tekniske rådvelde over objektiverte natur- og samfunnsprosesser; den fører ikkje per se til at samfunnsmessige systemer funksjonerer bedre, men den ville gi samfunnets medlemmer muligheten for en vidtgående frigjøring og en fremadskridende individuering." Habermas er ingen idealist som ser bort frå den materielle lukka til menneska, men ein auke "av produktivkreftene faller ikkje sammen med intensjonen om det 'gode liv', (han) kan i høyden tjene den".<sup>11</sup> - Om ein derimot let seg leie av "produktivkreftene sine behov", så tyder det å la denne praktiske eller moralske interessa forsvinne til føremon for utviding av det tekniske herredømmet over mennesket såvel som naturen. Dei politiske handlingane vil bli styrte av eit *teknisk imperativ*. Konsekvensen er at tendensielt alle samfunnsmessige forhold vert underlagde målestokken for den tekniske rasjonaliteten: Maskinen sin vilkår, den vitskaplege arbeidsprosessen, vert totalitær og trengjer inn i alle samfunnssfærene.

Dei mest ustabile og revolusjonsmogne landa er, som vi veit, ikkje dei teknisk framskridne, men tvert om dei som ligg langt tilbake i så måte. Det er difor klart at produktivkreftene ikkje er noka systemsprengande kraft (jamvel om ufornufta ved det beståande vert større med utviklinga av desse, dvs. at kløfta mellom det som er og det som er mogleg vert stendig vidare). - Framfor alt "krev" ikkje produktivkreftene eit fritt samfunn, men kanskje heller verkeleggjer- inga av ein slags teknokratisk ønskedraum.<sup>12</sup>

#### IV

Kommunistane trur dei er på parti med historia. Men det er ei tru som ikkje tåler å verte konfrontert med røyndomen. Som vi har synt, er ikkje den føreliggande situasjonen serleg vonrik: Dei kreftene som er ute og går, sikrar i fyrste rekke den historiske *kontinuiteten*. Dette vert stadfest av røynslene frå fleire revolusjonar. - Dei økonomiske tilhøva kan i visse høve, kanskje også under monopolkapitalismen, verte så akutte at ei endring i dei eksisterande eigedomsforholda vert eit vitalt behov. Spørsmålet er berre: Kva veg skal vi då ta ? Vil det verte ein veg til fridom og solidarisk samhandling, eller vil vi få ei forbetra form for slaveri, som - jamvel om det sikrar menneska trygje økonomiske

kår - vil fråstele dei den siste resten av sjølvstende ? Det kan knapt vere tvil om kva retning dei objektive historiske kreftene - dvs. *klassepraksisen* - dreg i. Eg tykkjer Walter Benjamin seier det godt: "Marx seier at revolusjonane er lokomotivet i verdshistoria. Men kanskje er revolusjonane menneskeslekta sitt grep etter naudbremsa i dette toget."<sup>13</sup> For den sosialistiske rørsla gjeld det like mykje å kjempe *mot* som *med* historia, kanskje meir mot. Om ein ikkje ser dette, men tvert om trur ein har historia i ryggen, då gjer ein seg skuldig i eit mistak som må få alvorlege fylgjer. Ei slik framskrittstru er nær knytt til ei radikal misforståing av den revolusjonære oppgåva, som vert redusert - tendensielt - til eit teknisk-administrativt problem om å knuse kapitalmakta. Samstundes vert farane ved ein byråkratisk sentralisme og dei dehumaniserande fylgjene av ein sjølvstendiggjort teknikk skjulte.

Når trua på dei objektive historiske kreftene si "riktige" retning løyser seg opp, så må det for revolusjonen sin teori og praksis tyde ei vektforstuving frå dei objektive til dei subjektive faktorane. Rudolf Rocker, ein tysk syndikalist, seier det slik: "Kvar ny sosial struktur skaper sine egne organ i lekamen til den gamle organismen. Utan denne førebuinga er all sosial evolusjon utenkjeleg. Jamvel revolusjonar kan berre utvikle og mogne dei kimane som alt eksisterer og har bana seg veg til menneska sitt medvit; dei kan ikkje sjølv skape desse kimane eller produsere nye verder ut av inkje. Difor gjeld det for oss å plante desse kimane medan det enno er tid og bringe dei til sterkast mogleg utvikling, for på det viset å gjere oppgåva til den komande revolusjonen lettare og sikre at han held fram." <sup>14</sup>

Frå det vi har sagt om stillinga til proletariatet i kontrast til det framveksande borgarskapet si stilling, er det opplagt at ein slik "garanti" som det borgarskapet hadde, korkje har eller kan den sosialistiske rørsla få. Ho kan umogeleg introdusere sine egne produksjonsforhold her og no. - Men berre ein dogmatisk teori om "basis" og "overbyggnad", som ser alle ikkje-økonomiske ytringar - kultur, behov, medvit, osv. - som reine epi-fenomen, kan blende augo for det som like vel kan gjerast. For mennesket *er* ikkje ein mekanisk variabel, men eit praktisk vesen som gjennom å endre "tinga" samstundes endrar seg sjølv. Kampen for sosialisme vil - om han fyller visse føresetnader - kunne verte ein kamp som ikkje berre endrar samfunnstilhøva, men og menneska, medvitet, innstillingane, åtferdsmønstret og evnene deira. Kampen vert då ein danande,<sup>15</sup> emansipatorisk prosess. Føresetnaden er at han strategisk og organisatorisk bryt med alt som umyndiggjer menneska. - Dette tyder ein kamp for å utvide sjølvrådet til individa og styrke brorskapen mellom dei. Men ikkje berre det: Om denne retten ikkje skal verte objekt for manipulasjon og eit middel til tralking - slik alle dei abstrakte rettane i det borgarlege samfunnet er - så må denne kampen på same tid gjere menneska i stand til å nytte han på eit menneskeverdig vis. Vi kan difor og seie at i den grad kampen er prega av bevisstgjær-

ing i motsetnad til fordummande etterplapring, av sjølvtil-  
lit hos massane i motsetnad til tillit til førarane, av  
gjensidig hjelp og solidaritet i motsetnad til autoritar  
administrering, av sjølvdisiplin i motsetnad til kadaverdi-  
siplin, i den grad utbyutting i alle former er forsvunne frå  
han, vil kampen mot kapitalismen førebu og kjempe fram ei  
heilt ny verd. Lukkast ikkje den sosialistiske organisasjon-  
en i dette, så kan han i det heile ikkje lukkast.

## V

På ein måte har eg no vore urettvis mot kommunismen. Jamvel  
om det objektivistiske historiesynet har stor innverknad,  
så er det viktige sider ved den kommunistiske praksisen som  
ikkje let seg føre tilbake til dette, men som tvert om er  
eit utslag av løynd mistru til dei "objektive historiske  
kreftene". Dette gjeld tesen om "proletariatet sitt dikta-  
tur", i den grad det vert forstått som eit *oppsedingsdikta-  
tur*. Behovet for diktatorisk makt til partiet skriv seg frå  
at folket rett og slett er ute av stand til å styre seg  
sjølv. Men dette skal, ifylgje teorien, vere ei temporær  
stode. Målet for denne regjeringa skal vere - ved sida av  
at ho skal eliminere dei siste restane av det borgarlege  
diktaturet - å lyfte folket til eit nivå, økonomisk og po-  
litisk, som vil gjere det av med behovet for ei slik regjer-  
ing. Tida er då komen for å legge all styring i folket sine  
hender og for at staten skal misse sin karakter av herredøme  
og verte ein fri organisasjon av økonomiske og sosiale inter-  
esser. - Men om det verkeleg var slik som den historiske  
materialismen seier - at dei vesentlegaste føresetnadene  
for eit fritt samfunn vert fostra i det kapitalistiske sam-  
funnet, - då ville ei slik "overgangsordning" som det her  
er tale om, vere uturvande og i grunnen meningslaus. I  
røynda vedgår teorien om "proletariatet sitt diktatur" nett-  
opp det vi har prøvd å syne i kritikken av kommunismen: Kor-  
kje dei moderne produktivkreftene - om dei vert givne "ade-  
kvate produksjonsforhold" - eller proletariatet som klasse -  
om det vert av med borgarskapet - er den eigenlege basisen  
for frie sosiale tilhøve. *Det* er berre eit folk som har  
kvitta seg med all den gamle møkka og tileigna seg nye behov  
og evner. Om det no er rett, slik teorien om "proletariatet  
sitt diktatur" hevdar, at *statsmakta* kan skape denne basis-  
en, då var det forhasta konklusjonar dei eg kom med ovanfor  
om den revolusjonære kampen. - Men som vi alt har synt med  
omsyn til den borgarlege og den proletariske revolusjonen:  
Ei historisk kraft som vil bryte kontinuiteten, kan ikkje  
spele det gamle spelet, ikkje handle på premissane til det  
gamle systemet. Tvert om må ho alt i *kimen* representere brot-  
et. Om dette gjeld generelt, då vert det meir enn vanskeleg  
å sjå kor impulsane til reell autonomi og sjølvstyre skulle  
finnast innanfor den samfunnsstrukturen som partidiktaturet  
fostrar.

Ifylgje den historiske materialismen har statsmakta ingen ei-  
gendynamikk, men er berre uttrykk for herredømet til ei øko-

nomisk klasse. At det ikkje er haldande har den russiske revolusjonen synt klårt. Då det russiske folket kom ut av borgarkrigen, var det rett nok av med "dei kvite", men det hadde samstundes skaffa seg eit nytt åk på nakken - det raude byråkratiet. Bolsjevikane sitt forsøk på å byggje sosialismen ovanfrå, enda tvangsmessig i kontrarevolusjonen - ikkje den "klassiske" borgarlege, men den byråkratiske. For staten har ein logikk som går ut over det å verje økonomiske privilegium: Han tyder ein viss måte å organisere samfunnet på som er drepende for alt levande. Statsmakt og folkemakt utelet kvarandre gjensidig. Det er prinsipielt ingen ting i vegen for at staten kan rydde ut dei gamle privilegia, men vesenet til statsmakta tvingar samstundes berarane av ho til å skape nye undertrykkingsformer og nye privileg.

Kort tid etter Oktoberrevolusjonen skreiv Maxim Gorki: "For leninistane er arbeidarklassen det, som metallet er for metallfagmannen; kan dette metallet under gitte vilkår verte omskapt til sosialisme? Venteleg er det umogeleg. Men kvifor ikkje forsøke? Og kva risikerer Lenin, om eksperimentet vert mislukka? - Han arbeider som ein kjemikar i laboratoriet, med den skilnaden, at ein kjemikar arbeider med livlaust stoff og kjem fram til verdfulle resultat for livet, medan Lenin arbeider med levande materie og gjer ende på revolusjonen."16

Det Gorki her klårlegg, er ikkje personen Lenin, men naturen til den statlege "sosialismen". I det barbariske Russland fekk rett nok menneskeforakten og undertrykkinga serskilt store proporsjonar. Den fiendskapen mot folkeleg initiativ og reelt sjølvstyre som karakteriserer sovjet-staten, viser like vel ikkje i første rekke til personlege eigenskapar hos Lenin og medarbeidarane hans, men til den byråkratiske vegen til "sosialismen". For Lenin var partidiktaturet synonymt med arbeidarmakt: Ein grunnfalsk førestelning som måtte føre til katastrofe for den revolusjonære rørsla i Russland og vil gjere det same andre stader. Om det er noko bolsjevikrevolusjonen kan lære oss, så er det dette: Den sosialistiske revolusjonen er ikkje noka partisak. Den openberre kløfta mellom teori og praksis, mellom statsreligion og realitet, kunne bolsjevikane berre slå bru over med eit diktatur av løgn og terror.

Det uløyslege dilemmaet er: Dei kreftene som åleine peikar fram mot realiseringa av det gode livet, er dei same som trugar partiet sitt maktmonopol. Sagt annleis: Om kommunistane ikkje vil svike den vegen dei har valt, er dei tvinga til å utrydde alt kritisk medvit, knuse folket sine impulsar til sjølvhjelp og spreie trua på at all frelse kjem ovanfrå. Dette syner at vi slett ikkje har å gjere med ei overgangsordning til sosialismen, men tvert om til eit nytt klasse-samfunn. "Det er ikkje den sosiale revolusjonen dette vi opplever," skreiv Gorki i januar 1918, "men øydelegginga av sjølve grunnvalden der denne sosiale revolusjonen i framtida hadde kunne finne stad."17

Kunsten å herske over folk har aldri vore og kan aldri verte kunsten å opplyse dei og inspirere dei til reelt sjølvstyre. Det einaste statsmakta rår over, er livlaus drill, som drep kvart vitalt initiativ i fødselen. Det ligg i sjølve logikken til staten at han kan tilverke berre tenarar, aldri sjølvstendige individ. For det er ikkje råd å skilje ei samfunnsending frå den handlinga ho er eit resultat av. Det er ikkje råd å gjennomføre demokratiserande og anti-statlege tiltak gjennom ein praksis som korkje er det eine eller det andre. Når den politiske maskinen triumferer, kan sjølv ikkje dei mest storstilte administrerte spontanitetar hindre at Rosa Luxemburg i lengda får rett: "Utan allmenne val, uhemma presse- og forsamlingsfridom og fri meiningskamp, døyrr livet i kvar offentleg institusjon, det vert til eit skinnliv, der berre byråkratiet er det aktive elementet. Det offentlege livet sovnar etter kvart inn, nokre dusin partiførarar med uutømmeleg energi og grenselaus idealisme dirigerer og regjerer, under dei leier i røynda eit dusin framståande hovud, og ein elite av arbeidarar vert innkalla frå tid til tid, for å klappe til førarane sine talar og for å vedta framlagde resolusjonar einstemmig; i grunnen eit klikkstyre - eit diktatur rett nok, men ikkje proletariatet sitt diktatur, men eit diktatur av ein handfull politikarar, dvs. diktatur i borgarleg tyding, på same vis som jakobinarveldet."<sup>18</sup> - Dette peiker ikkje nett fram mot eit klasse-laust samfunn, som i røynda berre kan tenkast som ei utviding av området for autonome og sjølvdisiplinerte handlingar, dvs. det kan berre springe ut av eit opprør mot sjølve forholdet herre-knekt, jamvel i si mest patriarkalsk-idylliske form.

## VI

Eg har forsøkt å syne at den kommunistiske teorien tilslører servekta og dei spesifikke vanskane til den revolusjonære oppgåva. Her er like vel Marx mykje betre enn "arvtakarane" hans. I "Enthüllung über den Kommunistenprozess zu Köln" seier han: "Medan vi seier til arbeidarane: De har 15, 20, 50 års borgarkrig og folkekampar å gå igjennom, ikkje berre for å endre forholda, men for å endre dykk sjølve og gjere dykk i stand til politisk styring; seier De i motsetnad: Vi må sigre med ein gong, eller vi kan legge oss å sove."<sup>19</sup> Men denne forståinga av den emansipatoriske funksjonen til kampen er i strid med den historiske materialismen, og fekk i alle høve lite å seie for Marx sin eigen politiske praksis, t.d. i Internasjonalen. På dette punktet hadde Bakunin mykje betre sans for realitetane: "Den Internasjonale Arbeidarassosiasjonen kan verte eit instrument for å emansipere menneska berre om han fyrst emansiperer seg sjølv, og det vil skje når han ikkje lenger er delt i to grupper - majoriteten som blinde verkty og minoriteten av lærde som dirigerer alt - og når kvart medlem av Assosiasjonen har tiligna seg vitskapen, filosofien og politikken til sosialismen."<sup>20</sup> For dette og liknande måtte Bakunin og dei andre anarkistane tåle mykje spott frå Marx og tilhengarane hans,

som la hovudvekta på omsynet til disiplin i kampen, noko som etter deira meining gjorde det umogeleg at Internasjonalen kunne ha nokon likskap med "det nye Jerusalem". Dei tok ikkje omsyn til anarkistane sin kritikk, men mana til "realisme". Men den slags "realisme" kjenner vi berre så altfor godt. Etter at bolsjevikane hadde svindla til seg makta over det arbeidande folket og kvalt revolusjonen i statleg tvang, greip Lenin til denne legitimeringa: "Vi kan (og må) begynne å bygge opp sosialismen ikke av et fantastisk, ikke av et spesielt menneskemateriale (sic!) som vi har skapt, men av det materialet som kapitalismen har etterlatt oss. Dette er uten tvil meget "vanskelig". Men ethvert annet forsøk på å løse oppgaven er så lite alvorlig at det ikke lønner seg å tale om det."<sup>21</sup> Den tekniske språkbruken er avslørande. Han vitnar om at denne slags "realisme" i siste instans er fange av den borgarlege rasjonaliteten og difor ei kraft som sikrar kontinuiteten og ikkje verkeleg brot i historia. Med ein slik "realisme" gir ein seg over i fortida sin vald.

Så sant revolusjonen skal tyde verkeleggjeringa av samfunnmessig fridom, må element av den framtidige samfunnsforma vere verkeleggjort i organisasjonsforma og prinsippa til den revolusjonære rørsla. Dette tyder sjølvsaugt ikkje at vi skal lage oss ein teoretisk modell av det gode samfunnet og deretter så langt råd er kopiere denne i organisasjonen. Det vil tyde ein stiv og livsfjern tenkemåte som i praksis ville vere dømd til å spele falitt. Organisasjonen vil nødvendigvis vekse fram i kamp med omverda, og dei institusjonelle formene vil måtte ta form av dei historiske føresetnadene for denne kampen. Det er ikkje tale om eit ahistorisk førebilete, men om å realisere visse praktiske normer, visse prinsipp, som vi hentar frå fortida og ikkje frå fortida. Desse prinsippa kviler på erkjenninga av at ei kvalitativ endring av tilhøva må tyde noko langt meir enn ei endring i legitimeringsgrunnlaget for institusjonane. Det tyder eit samfunn der både den trælka proletaren og den faderlege diktatoren er forsvunne til føremon for medvitne menneske som styrer liva sine sjølve, "eit fritt forbund av frie individ" for å bruke orda til Marx, eit samfunn som i eitt og alt er bygd nedanfrå og opp og frå sidene mot sentrum. - Ei innvending mot dette vil kanskje vere at eg og dei andre "venstreavvikarane" ser heilt bort frå problemet med slagkrafta til den revolusjonære organisasjonen. Det er ikkje rett; eg meiner absolutt at dette med slagkraft er svært viktig. Men endå viktigare er det å sjå at slagkraft trass i alt er eit teknisk omgrep, medan revolusjonen ikkje er eit teknisk problem.

#### Kjelder:

1. Sitert i Herbert Read, *Anarchy and Order*, London, s.93-94.
2. Karl Marx, *Die Frühschriften*, Stuttgart 1968, s.319.
3. Di meir undrande er det å sjå korleis marxistar, t.d. Lenin, prisår fabrikkssystemet sin "oppseudande verknad".

Dette er å sjå bort frå det viktigaste: "Fabrikken tener ikkje berre til å "disiplinere", "sameine" og "organisere" arbeidarane, men til å gjere dette på eit tvers igjen igjennom borgarleg vis. I fabrikken fornyar den kapitalistiske produksjonen ikkje berre dei sosiale relasjonane til kapitalismen kvar dag, slik Marx observerte, men han fornyar og psyken, verdiane og ideologien til kapitalismen."<sup>4</sup>

4. *Listen, Marxist!* Verdfullt innlegg i debatten i det amerikanske SDS; kan skaffast frå Libertarian Student Federation, Vanbrugh, College, Heslington, York, England.
5. Herbert Marcuse, *An Essay on Liberation*, Boston 1969, s.17.
6. *Zenit*, nr. 4, 1968, s.14.
7. Ein svært god analyse gjer Oskar Anweiler, *Die Rätebewegung in Russland, 1905-21*, Leiden 1958.
8. Sjå t.d. Franz Borkenau, *The Spanish Cockpit*, University of Michigan 1963. Augustin Souchy, *Anarcho-Syndikalisten über Bürgerkrieg und Revolution in Spanien*, Darmstadt 1969, er noko ukritisk, men gir eit nokså godt innblikk i den sosiale og økonomiske omveltinga. Sjå òg George Orwell, *Homage to Catalonia*, London 1968.
9. Karl Marx, *Samfunn og frihet*, Oslo 1965, s.181.
10. Josef Stalin, *Om den dialektiske og historiske materialismen*, Oslo 1952, s.15.
11. Jürgen Habermas, *Vitenskap som ideologi*, Oslo 1969, s.52.
12. Denne problematikken står sentralt i Albrecht Wellmer, *Kritische Gesellschaftstheorie und Positivismus*, Frankfurt/M 1969. Ei overmåte viktig bok, som i det heile grip rett inn i denne artikkelen sin problematikk.
13. *Kontrast*, nr. 2, 1970, s.53.
14. Rudolf Rocker, *Anarcho-Syndicalism*, Idore City 1947, s.102.
15. Om daningsomgrepet, sjå essayet til Jon Hellesnes i *Pedagogikk og samfunn*, Oslo 1969.
16. Sitert i G. Scheuer, *Von Lenin bis...?*, Wien 1957, s.129.
17. op.cit. s.122.
18. Rosa Luxemburg, *Politische Schriften III*, Frankfurt/M 1968, s.136.
19. Sitert i Albrecht Wellmer, *Kritische...*, s.76.
20. *The political philosophy of Bakunin* (ed. G.P. Maximoff), London 1964, s.320-21.
21. W.I. Lenin, *Radikalismen, kommunismens barnesykdom*, Oslo 1946, s.35.